



# DEN NORSKE KYRKJA

## Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4,  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrjekontoret 09.10.2020

### Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 08.10.2020

Møtetid: kl. 10.00

Møtestad: Høyanger bedehus

### Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Lars Petter Amundrud, Kari Henny Dale, Torunn Styve, Sissel Sørebo (på telefon), Rolf Aamot.

### Meldt forfall:

Sturla Bell Fossen, Tonje Førde Systad, Kenneth Førde, Frode Merkesvik, Andreas Ester

### Kopi av møteboka går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Henjesand Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger

### Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok  
Godkjent utan merknader.

### Meldingssaker

#### 000023 Soknepresten har ordet

I soknepresten sitt fråvær las kyrkjevevja ein tekst frå profeten Haggai om å byggje Herrens hus.

#### 000023 Rekneskapsrapport 2020

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet

#### 000024 Fordeling av arbeidsoppgåver og ansvar ved kyrjekontoret

Kyrkjevevja orienterte.

### Vedtakssaker

#### Sak 022/20 HØYANGER KYRKJELEGE FELLESRÅD SITT BUDSJETTFRAMLEGG 2021

### Saksutgreiing:

Framlegg til budsjett 2021 er sett opp i samsvar med Høyanger kommune sitt budsjetttrundskriv, samt KLP sin prognose for pensjonskostnader. Det er lagt inn lønsvekst på 3%, pensjonskostnader på 18,08% og arbeidsgjevaravgift på 10,6%.

Budsjettet tek sikte på å oppretthalde det driftsnivå vi hadde før Koronaepidemien, dvs. at vi skal halde det tal gudstenester biskopen forordnar, og at vi skal ha dei kyrkjelege handlingane og aktivitetane som rettar seg mot barn, unge vaksne og eldre, inkludert andakter på sjukeheimane.

Festeavgiftene er budsjettert med kr. 484 500. Det er sett av kr. 50 000 til fjerning av oljetank ved Høyanger kyrkje, og kr. 100 000 til vedlikehald av gjerde på gravplassar, 78 500 til stemming og vedlikehald av alle orgla våre, og kr. 160 000 i energikostnader. Det gjev eit budsjett på kr. 5 564 619. Vi søker om ei kommunal løyving på kr. 4 225 000. Det er ein auke på kr. 50 000 i høve til 2020.

***Vedtak:***

## **Sak 023/11 FRAMTIDA TIL HØYANGER BEDEHUS**

### **Saksutgreiing:**

Etter at Høyanger kyrkjelege fellestråd fekk avslag på søknaden om kommunal løyving til istandsetting av Høyanger bedehus til forsamlingshus med livssynsnøytralt seremonirom, søkte vi Sogn og Fjordane Indremisjon om forlenging av akseptfrist for intensjonsavtale til 31.12.2020. Dette for at vi skulle få tid til omrøming, og evt. tenkje ut ein alternativ plan.

Høyanger kyrkjelege fellestråd må no etterkvart konkludere om ein alternativ plan finnes, og korleis ein i såfall skal kome vidare i saka. Dersom vi ikkje har evne til å finne ei løysing, vil sjanssen til å få eit eige kyrkjeleg forsamlingshus i Høyanger vere tapt for all framtid.

***Vedtak:***

Vel Møtt!

May-Wenche Fossmark  
Fellestrådsleiar